

Nesten 200 millimeter på 3 døgn

01.01.2013



Det vart som vi før har meldt sett ein nedbørsrekord på Korsnes med 112 millimeter den 29. desember. Men regnet stoppa ikkje den dagen - det helt fram inn i nyåret.

Både 30. og 31. desember kom det ei god rotbløyte slik at nedbødmengda nesten nådde 200 millimeter dei 3 siste dagane av 2012. Nærare bestemt kom det rundt rekna 40 millimeter både den siste og den nest siste dagen av desember.

På den andre sida var desember svært nedbørfattig før alle slusar opna seg i romjula slik at samla nedbør denne månaden ikkje vart meir enn 245 millimeter.

Så spørst det om observatør Kurt Haugland kan notera nye rekordar i 2013. Dei fyrtse 10 millimetrene er allereie på plass i målaren i skrivande stund om ettermiddagen 1. januar....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen